



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 29, 1. september 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Stolane dukka opp - i Bremanger!

Høgskulen etterlyste 10 nye hagestolar som blei borte etter semesteropninga 16. august. No har stolane dukka opp att - i Bremanger! Det som skjedde var at då scena vart rigga ned så var riggegjengen så grundige at stolane blei med scena vidare til Rotlaus-konsert i Bremanger! Det kom melding om dette til høgskulen i førre veke, og no er stolane tilbake på Høgskulen, fortel driftsteknikar Svein Håvar Vatne.



Kammermusikkfestivalen tek til 6.9.

Sunnmøre Kammermusikkfestival blir arrangert 6.-10. september. Fleire av arrangementa er gratis og går blant anna på Rokken, Tredet, i konsertsalen i Henrik Kaarstad-huset. Men også på Ishavmuseet på Brandal, Hareid kyrkjelydshus, Hjørundfjord kyrkje, Volda kyrkje - og i Jensløa på Bjørke.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



Studentlivet vaknar til live igjen: Friviljuge er etterspurt

På Høgskulen kryr det av plakatar der studentlag inviterer studentar til å bli nye medlemmer, bli friviljuge eller å bli med i styre og stell, og alle brukar QR-kode for å informere om aktivitetar. [Her er oversyn over alle eller dei fleste lag og organisasjonar på Høgskulen i Volda.](#)

Det ser ikkje ut til at alle QR-kodene verkar og somme av dei "gamle" Facebook-sidene og nettsidene ser ikkje ut til å vere oppdatert etter koronaen.

[Studentparlamentet:](#) Nominasjonsperiode for nytt studentparlament fram til 8. september.

[Rokken/Studentsamfunnet:](#) Søker etter friviljuge til arrangement på Rokken.

[Natura](#): Søker etter nye styremedlemmer.

Norwegian Night - Rokken 6. september

Pangaia inviterer til Norsk kveld (Norwegian night) på Rokken 6. september. [Her er programmet til Rokken Scene framover.](#)

Ny student i Volda: "Folk er opne i Volda"

VG skriv om korleis det er å flytte til ein ny stad for å studere og har blant anna intervjuet Ida Ystmark som har flytta frå Oslo til Volda for å studere journalistikk. Ystmark fortel at ho ikkje har det som eit kultursjokk å flytte til Volda - og at voldingane er opne og at det er lett å snakke med folk. [Les meir i VG.](#)

Sikresiden - nettsida for tryggleik

Høgskulen i Volda (HVO) brukar sikresiden.no som informasjonsportal for førebygging, tryggleik og beredskap for studentar - og tilsette. [Les meir om sikresiden.](#)

Helsestasjonen - gratistilbod for studentar

Helsestasjonen er et samarbeid mellom Volda kommune, Studentsamskipnaden og Høgskulen i Volda. Tilbudet er gratis for alle unge og studenter uansett alder i Volda. [Les meir om helsestasjonen på nettsidene våre.](#)

Menyen i kantina i neste veke

Måndag: Chili sin carne med salat 14.90,-
Tysdag: Fiskegrateng med råkostsalat og poteter 14.90,-
Onsdag: Steikt kyllingbryst med paprikasaus og wok-grønsaker 14.90,-
Torsdag: Potetball med tilbehør 14.90,-
Fredag: Tacobuffé 14.90,-

Liv og røre

Bedriftsserie i padel-tennis i Voldahallen - NB! Fristen er nesten ute!

Bedriftsidretten i Midt-Noreg samarbeider med Interpadel Voldahallen om å starte ein bedriftsserie i Padeltennis. Kampane blir spela som tomannslag (double), men ein kan ha inntil 4 spelarar på laget. Seriespelet skal etter planen starte i september, og påmeldingsfrist var eigentleg 28. august, men arrangøren vil prøve å få med etternølarar. [Meir informasjon på denne nettsida.](#)

Høgskulekoret: Øvingar på tysdagar

Høgskulen har sitt eige kor som har øvingar i konsertsalen i Kaarstad-huset på tysdagar kl 14.30-16.30. Koret hadde første øvinga 30. august. Alle kan bli med i koret, og neste store arrangement blir 100-års feiringa for Henrik Kaarstad-huset 16. november. Kontaktperson og dirigent er [førstelektor Elizabeth Oltedal](#), AKF/Musikk.



Symfoniorkesteret: Øvingar på torsdagar

Mange tilsette og studentar på Høgskulen i Volda er musikantar i Symfoniorkesteret ved HVO - men fleirtalet er ikkje tilknytte HVO. Symfoniorkesteret har øvingar i konsertsalen i Kaarstad-huset på torsdagar kl 19-21.30. Orkesteret vart starta i 1947 som eit orkester for tilsette og studentar på HVO. Orkesteret er no ein sjølvstendig organisasjon, men er tett knytt opp til undervisninga for musikkstudia, og Institutt for musikk har ansvar for den kunstnarlege leiinga. Dirigent for kor og

orkester dette semesteret er [førstelektor Elizabeth Oltedal](#), AKF/Musikk. [Sjå også heimesida til symfoniorkesteret.](#)

Ny nettside: ØrstaVolda - www.orstavolda.no

Ørsta Næringskontor har starta ei nettside med adressa www.orstavolda.no med omtale av arrangement, fritids- og turistaktivitetar i Ørsta og Volda. Les [omtale av nettsida her](#).

Planar om å etablere bedriftsidrettslag på Høgskulen i Volda - skipingsmøte 7. september

Ei gruppe av idrettsinteresserte ved Høgskulen i Volda har teke initiativ til å etablere eit bedriftsidrettslag på Høgskulen i Volda. Interimsstyret er samansett av [Eivind Patrick Hanevik](#), AHL, [Natalie Donohue](#), AHL, og [Johann Roppen](#). Alle interesserte vert inviterte til å vere med på eit skipingsmøte 7. september i SAA 229, kl. 14.30.

Fag og forskning

Støtte til planane om doktorgradsutdanning

Både Forskingsutvalet og Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda har denne veka vurdert planane for det nye ph.d.-programmet med utgangspunkt i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Begge utvala gir sterkt støtte til planane. Utdanningsutvalet seier: "Utdanningsutvalet støtter ph.d-en og anbefaler styret å sende akkrediteringssøknaden." Forskingsutvalet seier i sitt vedtak: "Forskingsutvalet vurderer søknadsarbeidet med nytt ph.d.-program som fagleg godt og tilrår styret å sende akkrediteringssøknad." Saka skal opp i høgskulestyret i neste møte 15. september. Fristen for å sende NOKUT søknad om akkreditering er 1. november 2022.

Professorstipend til Tafjord, Valen Kleive og Vaage Øie

Forskingsutvalet har tildelt professorstipend til tre søkarar. Dei tre er: [Harald Endre Tafjord](#) (ASH/Historie), [Hildegunn Valen Kleive](#) (AHL/IRL) og [Kjetil Vaage Øie](#) (AMF/Journalistikk). Stipenda går over tre år og omfattar to FoU-stipend, 50% FoU-tid i 2 år og driftsmidlar på i alt kr 150.000. [Her er meir informasjon om ordninga og oversyn over tidlegare mottakarar av professor/dosentstipend.](#)

Nanna Natalia Jørgensen har disputert ved Høgskulen i Volda

Nanna Natalia Jørgensen disputerte 26. august for ph.d.-graden ved Høgskulen i Volda med avhandlninga: "The therapeutic mobilities of Pilgrimage Walking: A study of the health impacts of walking the Norwegian St. Olav Way". [Les omtale av disputasen på nettsidene våre.](#)

Werenskjold inn i leiinga i nytt COST-program

Forskringsrådet har peika ut [Professor Rolf Werenskjold](#), AMF, som ein av to norske medlemmer i styringsgruppa (management committee) for eit nytt COST-program som skal gå i to år. Programmet har tittelen LEAD-ME som er ei forkorting for "[Leading Platform for European Citizens, Industries, Academia and Policymakers in Media Accessibility](#)". Det andre norske medlemmet av styringsgruppa er Christoph Lutz ved BI. Andre forskarar kan også bli koplå på delaktivitetane i COST-programmet

Utlysingar og fristar: Utdanning, forskingsmidlar og forskingsaktivitetar:

Informasjonsmøte om EU-forskning 6. september

Informasjonsmøtet vil gje fagtilsette informasjon om mulegheitene innenfor EU og Horisont Europa. [Les meir om møtet.](#)

Seminar om forskningsetikk - 13. september

Forskringsadministrasjonen inviterer til ope [seminar om grunnleggjande forskningsetikk på HVO tysdag 13. september](#). Seminaret vil bli halde av Vidar Enebakk som er sekretariatsleiar for [Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora \(NESH\)](#), vil halde seminaret. Seminaret er eit tiltak for å lære opp tilsette i forskningsetiske normer. Møtet er ope for alle. Litt av bakgrunnen for seminaret er at Forskingsetikkloven §4 stiller krav til forskarar om at dei skal "opptre med aktsomhet for å sikre at all forskning skjer i henhold til anerkjente forskningsetiske normer." HVO har altså ansvar for "opplæring av kandidater og ansatte i anerkjente forskningsetiske normer".

Nytt om namn på HVO

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Bachmann i "Frontiers of Education"

[Professor Kari Bachmann](#), AHL/pedagogikk, har publisert artikkelen "[Developing self-efficacy through an extra preparatory school year: Lower secondary students' perspectives on teacher support](#)" i tidsskriftet "Frontiers of Education." Medforfattarar er Tonje Hungnes (Høgskolen i Molde) og Annette Hessen Bjerke (OsloMet). Artikkelen handler om opplevd nytte av eit ekstra 11. skuleår, som er eit førebyggjande tiltak for elevar som står i fare for å droppe ut av videregående opplæring. Forfattarane har særleg sett på om skuleåret har styrka elevanes meistringstru og kva som har bidrege til styrka meistringstru.

To artiklar av Siv M. Gamlem i "Cogent Education"

Professor Siv M. Gamlem har publisert to artiklar i tidsskriftet Cogent Education, begge artiklane i samarbeid med andre forskarar: Siv M. Gamlem & Ingrid Helleve: "[Mapping sustainability of professional development in four Norwegian lower-secondary schools](#)".

Den andre artikkelen: Ann Karin Sandal, Ingrid Helleve, Kari Smith & Siv M. Gamlem: "[Feedback practice in lower secondary school: Exploring development of perceptions of feedback practice among students and teachers](#)".

Lexerød Hovlid i "Lov og Rett"

[Professor Ellen Lexerød Hovlid](#), AMF, har skrive leiarartikkelen i siste utgåve av tidsskriftet "Lov og Rett". Tittelen er "[Nye EU-regler for teknologigigantene](#)". Lexerød Hovlid sit også i [redaksjonsrådet](#) i tidsskriftet.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Medieingeniør til medieutdanninga i Volda - søknadsfrist 1. september 2022

Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda har flytta inn i nytt mediebygg og treng fleire tilsette. Vi utvidar no den tekniske staben og har omgåande ledig ei heil fast stilling som medieingeniør. Stillinga vil ligge under fellesadministrasjonen ved avdelinga.

Det medietekniske fagområdet er inne i ei rivande utvikling med nye løysingar for innhaldsproduksjon og publisering, og broadcast og IT smeltar meir og meir saman. Vi ønsker oss difor ein person som er opptatt av innovasjon og utvikling, men som også kan bidra godt inn mot dagens løysingar. Stillinga vil saman med den øvrige tekniske staben ha ansvar for utstyr og tekniske løysingar, rettleiing og support.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Økonomirådgjevar ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2. september 2022

Høgskulen i Volda, avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, søker etter rådgivar i fast stilling frå 1.10.2022. Den som vert tilsett vil samarbeide nært med fagleg tilsette og andre tilsette i administrasjonen ved avdelinga. Stillinga rapporterer til administrasjonssjefen. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Ingeniør - eigedom - søknadsfrist 10. september 2022

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast 100% stilling som ingeniør frå 01.01.2023. Stillinga er plassert i fellesadministrasjonen under Økonomi og eigedom. Eigedomsteamet består av fire faste stillingar og for tida to vikariat. Eigedomsteamet er leia av driftssjef som har det overordna ansvaret. Høgskulen leiger primært bygningar av Statsbygg men også av andre.

Vi søker etter ein person som evner å planlegge, gjennomføre og avslutte mindre ombyggingar i samarbeid med høgskulen sin rammeleverandørar, men som og likar å arbeide fysisk med dei daglege oppgåvene som må gjerast på skulen. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 12. september 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 2.1.2023. Dato for oppstart kan justerast etter avtale.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

- 1.9.-3.9.2022: [ITAC Teaching Artist verdskonferanse \(SEANSE\)](#), Oslo
- 6.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)
- 9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO
- 10.9.2022: [Voldadagen](#), VCA
- 13.9.2022: [Seminar om forskningsetikk](#), HVO
- 15.9.2022: [Høgskulestyret](#)
- 23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)
- 28.-29.9.2022: [Karrieredagane](#), Ørstahallen
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 29.9.-30.9.2022: [Forskningsleiarprogram - første samling](#)
- 6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO
- 24.-26.10.2022: [Øyralangs](#)
- 27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda
- 3.11.2022: [Høgskulestyret](#)
- 4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

8.12.2022: [Høgskulestyret](#)

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

8.3.2023: Samskappings- og innovasjonskonferanse, HVO

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Seanse - senter for kunstproduksjon](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)